

FAU-møte 17.3. 2021 kl 18-1930 på zoom.

Til stades: Gase Handeland, 1 kl. (leiar), Tormod Frog, 3. kl, Jostein Aasen, 4. kl, Heidi Thygesen Fiskaa, 5. kl, Merethe , 6. kl , Christina Bjørke Berntsen, 6. kl (vara), Magnhild Selås, 7. kl (referent)

Frå Jappa: Åge Byklum og Tomm Petter Laurendz

1. Referatet frå sist møte blei godkjent
2. Sakliste godkjent
3. Orientering frå Åge Byklum:
  - a. Skulen er på gult nivå, det går greitt.
  - b. Heidi spurte om låsing av garderobar og fortalte at barn kunne vere redde for å bli innelåst. Åge informerer skulen om denne redselen.
  - c. FAU ønsker litt høgare ambisjonar for SFO, med mindre film, meir struktur, inkl tid til å ete niste og betre informasjon til foreldre. Tomm Petter tar saka vidare. Han fortalte om at dei har begynt med høgtlesing og har ønske om å få til svømming, og vil betre informasjonen til foreldra. Årsplanar og liste over tilsette ligg på heimesidene.
4. Trafikksituasjonen rundt Jappa

Tomm Petter orienterte om at trafikkavviklinga har vore eit problem sidan skulen opna. Skulen kontakta kommunen med tre ønske: innkjøring forbudt-skilt opp til Jappa, parkering forbudt-skilt ved droppsonen ved Ekelunden og markering av busstoppet ved rundkjøringa. Synfaringa med kommunen blei dekka i Grimstad Adressetidende, og der stod det ein del som har medført tilbakemeldingar frå provoserte foreldre som meiner dei bare har prøvd å gjere som skulen har bedt om, ved å parkere utanfor skuret. Tomm Petter og Åge beklaga djupt at ikkje FAU hadde blitt invitert til synfaringa, og beklaga artikkelen slik den blei.

Vedtak:

-FAU og skulen vil skrive eit felles innlegg til Adressetidende med ønske om å få betra trafikksituasjonen med skilting, utvida droppsone og parkeringsplassar for dei som må følgje barna heilt opp. Gase skriv utkast og sender på sirkulasjon.

-Skulen må rette opp i informasjonen om levering og henting til foreldra, med beklaging av det som sto i avisa.

5. FAU rosar skulen for at nettvettreglane er spelt inn på ulike språk.

6. I Korona-situasjonen vi står i, vil FAU gjerne bidra til betre dagar for barna. Vi ber FAU-representantane kontakte foreldrekontaktene for å få innspel og idear til tiltak både i skuletida og på kveldstid. FAU vil gjerne støtte gode tiltak økonomisk. Det finst også midlar ein kan søke andre stader.

Vedtak:

-Åge gir denne informasjonen til lærarane og elevrådet

-FAU informerer foreldrekontaktene

7. 17. mai: Det blir ingen fellesarrangement på Jappa, klassekontaktene kan arrangere noko kohortvis.

Neste møte blir 29. april kl 18.